

**Fra:** KRISTOFFER VÅGE <kristoffertvage@gmail.com>  
**Sendt:** 25.08.2022 20:15:01  
**Til:** Kjetil Eikefet <kjetil.eikefet@modalen.kommune.no>  
**Kopi:** olivertyv@hotmail.no, ptv@hotmail.no, gaute.lundekvam@gmail.com,  
ask.kjensli@gmail.com  
**Emne:** Re: Kjedelig summar i modalen

---

Hei.

Klokken 10 på lørdagen funker ikkje for meg PGA buss, men 10:30 funker fint. Viss søndag passer bedre for deg kunne vi heller hatt møte 17:00. Eg skal nemlig jobbe på bryggeslottet og er ikkje ferdig til 16:00.

Mvh  
Kristoffer Trohaug Våge

On Wed, Aug 24, 2022, 22:04 Kjetil Eikefet <[kjetil.eikefet@modalen.kommune.no](mailto:kjetil.eikefet@modalen.kommune.no)> wrote:

Hei.

Om me skal møtast laurdag må det være tidlig på dagen, f eks kl 1000.

Det er kanskje litt tidlig på ein fridag.

Kva med søndag 28.august kl 1600 i Flodmaal?

Mvh

Kjetil Eikefet

Ordførar



---

**Fra:** KRISTOFFER VÅGE <[kristoffertvage@gmail.com](mailto:kristoffertvage@gmail.com)>  
**Sendt:** onsdag 24. august 2022 11:32  
**Til:** Kjetil Eikefet <[kjetil.eikefet@modalen.kommune.no](mailto:kjetil.eikefet@modalen.kommune.no)>  
**Kopi:** [oliverty@hotmail.no](mailto:oliverty@hotmail.no); [ptv@hotmail.no](mailto:ptv@hotmail.no); [gaute.lundekvam@g-mail.com](mailto:gaute.lundekvam@g-mail.com); [ask.kjensli@gmail.com](mailto:ask.kjensli@gmail.com)  
**Emne:** Re: Kjedelig summar i modalen

Hei Ordfører Kjetil.

Takk for at du har tatt deg tid til å svare oss. Har du anledning til å møte oss denne helgen?

Kanskje lørdag 27 august kl 17.

Mvh

Kristoffer Trohaug Våge

On Fri, Aug 12, 2022 at 4:01 PM Kjetil Eikefet <[kjetil.eikefet@modalen.kommune.no](mailto:kjetil.eikefet@modalen.kommune.no)> wrote:

Hei alle saman.

Å møtast er ikkje noko problem sjølv om det er ettermiddag eller helg. Er på ferie akkurat no men er på jobb igjen frå måndag 15.august.

Eg har litt småting i helgane som kjem men de kan finne tidspunktnkt som passar dykk, så tilpasser eg meg så godt det let seg gjere.

Når det er sagt så passar eit slikt møte ganske godt. Har tenkt ei stund på korleis samle dei som går på vidaregåande. De er ei gruppe av unge som me ikkje høyrer så mykje frå og difor veit ein heller ikkje kva som er behov og ynskjer.

Ser fram til å møte dykk.

Mvh

Kjetil

Ordførar-Modalen kommune

Sendt fra min iPhone

12. aug. 2022 kl. 14:32 skrev KRISTOFFER VÅGE  
[kristoffertvage@gmail.com](mailto:kristoffertvage@gmail.com):

Hei ordførar Kjetil Eikefet

Me er ein gjeng frustrerte ungdomar som skriv til deg no. Dette året har det vore ein frykteleg kjedeleg sommar for oss ungdomar i Modalen etter ein gong. Like kjedeleg som helgene til vanleg er her i Modalen. Mange av oss bur på hyblar og det er meiningsa at me skal kome heim til familiene våre i helgane. Slik har det derimot ikkje vorte for mange av oss. Jau, me kjem heim innimellom, men det må seiast at det er frykteleg kjedeleg å vere ungdom i Modalen. Me har nesten ingen tilbod som er retta mot oss. Me vert gåande ute og preike eller me sit inne bak kvart vårt tv. Dette må det kunna gjerast noko med i Modalen kommune.

Til dømes likar me godt å bruke skateboarda våre. Me ser det står rampar stua bort ved fotballbana. Slik dei står no går det ikkje an å bruke desse, men uansett så er dei utdaterte og lite brukande. Dei har stått slik sidan me kom til verda og kanskje mykje lenger. Dessutan har nok brøytebilen vore borti dei mange gongar og bøygd metalltet og skada betongen. Me er fleire som likar å skate her i dalen. Hadde det vore mogeleg å få ei skatebane der me kunne hatt det moro og som kunne vore eit samlingspunkt på fine værdagar og kveldar? Dette står svært høgt på ynskjelista vår! Dette er ein sport/hobby som ikkje er representert i Modalen slik det er no, men som me veit mange hadde vorte glade for å kunne nytta. Ei slik bane må sjølv sagt lagast av folk som har greie på det. Eit firma som driv med slikt. Me kjenner til slike firma og me veit kva ei slik bane burde ha innehelde. Me har vore på baner utanfor Modalen og veit kva som "funkar" og me stiller gladeleg til planlegging av bana.

Så er det dessverre slik at Modalen ligg på Vestlandet og det er ikkje alltid at været viser seg frå si beste side her hjå oss. Difor vert me søkkvåte og kalde når me skal vere sosiale saman med venane våre i feriar og helger. Me treng ein stad der me kan samlast og vere sosiale!!! Noko slikt har me ikkje. Me treng at Modalen kommune satsar på oss no. Tidlegare år var ungdomsklubben lagt til fredagar slik at det var mogeleg for oss å vere med der, sjølv om det ikkje er så veldig kjekt å sitte rundt eit bord i foajeen på Bryggeslottet når helgeturistar stadig passerer med store familiar for helgebading i bassenget og det stadig kjem gåande folk som skal trenre på treningsrommet. Jau, me hadde gymsalen til disposisjon, men den har me leika i sidan me kunne gå, og det kan vere kjekt det, men me treng noko meir, noko anna.

Me treng ein stad å samlast. Me treng ein stad me kan stikka innom når me er heimom i helgar og feriar. Me treng også at me kan finne på aktivitetar der, med venane våre og ha moglegheit til å varme oss ein pizza eller lage noko lett å ete saman. På vår ynskjeliste for ein slik samlingsstad står sofaar å sitje i, biljardbord, airhockey, bordtennis, bord til brettspel, kortspel og moro og mogelegheit for å spele musikk. Ein slik samlingsstad hadde vorte mykje brukt, det kan me garantere. Me bur på hyblar i nabokommunar med Modalen og har fått med oss at desse satsar mykje meir på ungdomen enn det Modalen gjer, og då spør me oss gjerne om Modalen ikkje syns me er verdt å satse og bruke pengar på?

Når det no er sommar så kan det dukke opp finærsdagar med sol (dersom me ser bort frå denne kalde og regnfulle sommaren). Då er me ungdommar glade i å bade. Kva om det hadde vore eit stupebrett me kunne hatte det moro med? Det hadde vore kjekt. Det er jo ei stund sidan me fekk adrenalin i blodet av å hoppe frå kaien/bryggja. Hadde dette vore mogeleg å få til?

No skriv me til deg Kjetil, i håp om at det er mogleg å få betre tilhøva for ungdomane i Modalen. Me har sjølv sagt eit håp om at kommunen kan hive seg rundt litt raskt sidan det ikkje har vore satsa på ungdom i Modalen på mangfaldege år. Me håpar på snarleg endring i tilhøva for ungdomane i Modalen. Det går mot kaldare og våtare årstider og me er unge no!

Me ynskjer gjerne å møte deg og samtale om framtida til ungdom i Modalen. Dette møtet må då kanskje haldast ein helgedag slik at me ikkje må ta fri frå

skulen. Kva trur du? Er det mogleg? Ved svar på e-post ynskjer me svar til alle her ☺

Håpefull helsing

Ask Kjensi, Gaute Lundekvam, Odin Lundekvam, Pernille T. Våge, Oliver T. Våge og Kristoffer T. Våge